

Lærer: Ruth Helgestad

Læreverk: Zeppelin 3

Zeppelin 3 består av: Språkbok, arbeidsbok til språkbok, lesebok, arbeidsbok til lesebok. I tillegg leseforståing 2 og 3, vekeord 3 (rettskriving), finskrift

Organisering:

Det gjeld "standardveke", men det er mange veker som ikkje er slik!

3. klasse har 8 timer norsk pr. veke. To timer er åleine for klassesteget, dei andre er saman med 2. og 4.klasse. Astrid har ein time med tredjeklassen åleine denne timen vert brukt til finskrift, leseforståing og skriving av egne tekstar. Ruth har ein time med tredje åleine, desse vert brukt til gjennomgang av nytt stoff og jobbe med oppgåver som kan vere ekstra vanskelege.

Leseboka vert nytta gjennom heile året. Her vil elevane vert kjende med ulike sjangrar. I "Arbeidsbok til leseboka" er det oppgåver knytt til det dei har lese. Når elevane skriv egne tekstar skriv dei både på i bok og på Pc. Når dei skriv på PC kan dei bruke CD ord som er eit program som les opp det dei skriv.

Vurdering:

Jostedal skule har vore med i den nasjonale satsinga "Vurdering for læring" som vart sett i gang i 2009. Vurdering FOR læring legg vekt på kva ein skal LÆRE, og ikkje berre kva ein skal GJERE, noko som er ganske krevjande i seg sjølv. Metodar som gjer trening i å vere medveten om eigen læringsprosess og å ta ansvar for denne sjølv, står sentralt. Teknikkar me nyttar er t.d. kameratvurdering, eigenvurdering, modellering (av lærar eller ved å sjå andre elevarbeid), trafikklys, utviklingsamtalar, utvikling av felles kriterium før eit arbeid m.m.

Skriftlege vurderingar som vert sendt heim eller på anna måte vert synleg for dei heime:

- Carlsten lesetest 2 gonger i året
- Kartleggingsprøver
- Skrive-/lesearbeid etter felles kriterium
- Lekseprøver
- IUP i Fronter (i forkant av elev-/foreldresamtalane haust og vår)

Berre ta kontakt ved spørsmål!

Fagansvarleg for norsk 3.klasse, Ruth (mob: 91363649)

ÅRSPLAN NORSK 3.TRINN

	TEMA & LÆRINGSMÅL	Språkboka/arbeidsboka til språkboka	Leseboka	PROSJEKT/ TVERRFAGLEG
A	Ordkunnskap og rettskriving.	Språkboka side 6- 11		
U	Skrive heile setningar med opphald mellom orda.	Arbeidsbok til språkboka	Skulestart	
G	Bruke spørjeteikn og utropsteikn på rett måte.	side 4 -8	side 6- 14	
S	Stor bokstav først i setningar, i fornamn og etternamn og i	Språkboka side 12 -15		Skrive og teikne til JSA
E	stadnamn.	Arbeidsbok til språkboka side 8-10		
P	Alfabetet. Elevane skal lære alfabetet og vite kva som er vokalar og konsonantar. Dei skal kunne skrive ord i alfabetisk rekkjefølgje.	Språkboka side 16 - 24 Arbeidsbok til språkboka side 11-14		
	Tekstkunnskap	Språkboka side 25 - 27	Er det sant?	
	Forteljing: Molbuhistorie	Arbeidsbok til språkboka	Side 15- 22	Gjere ferdig arbeidet vårt til JSA
	Elevane skal vite at ei forteljing kan ha ei innleiing, ein midtdel og ei avslutning. Kva skal med under dei ulike delene.	side 15		
O	Når eg fortel: Kva skal med	Språkboka side 28 - 31	Familien vår	
K	Elevane skal skrive forteljingar, øve på korleis ein byrjar og korleis	Arbeidsbok til språkboka	side 23 - 33	
T	ein avsluttar ei forteljing. Dei skal vite kva som er viktig å få med og kva som ikkje er så viktig.elevane skal jobbe med å få ting i riktig rekkjefølgje	side 16 - 17		
HAUSTFERIE				
O	Eg forteljing. Elevane skal vite kva ei eg- forteljing er og	Språkboka side 32 - 33		
K	skrive ei eg - forteljing. Dei skal ha med overskrift, innleiing,	Arbeidsbok til språkboka		
T	Beskjedar og huskelappar. Elevane skal vite kva ein beskjed og ein hugselapp og kunne skrive dei.	Språkboka side 34 - 35		
	Brev. Elevane skal vite korleis ein skriv eit brev. Dei skal kunne skrive namn, adresse og avsendar på konvoluttenpå konvolutten. Elevane skal sende eit brev til nokon dei kjenner.	Språkboka side 36 - 38		
N	Ordkunnskap og rettskriving.	Språkboka side 39 - 41 og 46-47	Venner	
O	Lure ord: ord med e for æ og ordet det .Lure ord med o for å	Arbeidsbok til språkboka	side 34 -40	
V	Elevane skal kunne minst 6 ord med e for æ og dei skal kunne skrive det rett i ein diktat.Elevane skal kunne minst seks ord med o for å	side 19- 20 og 22		
	Tekstkunnskap	Språkboka side 42 - 45	Rim og regler	
	Finne or som rimar og skrive enkle rim.	Arbeidsbok til språkboka side 21	side 41 - 43	
	TEMA & LÆRINGSMÅL	Språkboka/arbeidsboka til språkboka	Leseboka	PROSJEKT/ TVERRFAGLEG

D E S	Ordkunnskap og rettskriving Elevane skal kunne skrive fargeorda: blått, grønt, kvitt, raudt, svart. Elevane skal lage farge dikt.	Språkboka side 48 - 51 Arbeidsbok til språkboka side 23 -24	Fargar 44- 45	
	Spørjeord. Elevane skal kunne spørjeorda kva, kven, kvifor, kvar, kor og korleis. Dei skal kunne skrive dei og bruke dei i ein tekst.	Språkboka side 52 - 53 Arbeidsbok til språkboka side 25 -26	Tal og dagar side 46 - 54	Øve på framsyning til juletre festen.
	Tekstkunnskap Skrive dikt med samanlikning og oppattaking Skrive juledikt og juleforteljingar.	Språkboka side 128 - 133 Arbeidsbok til språkboka side 23 -24	Vi feirar side 55 - 63	
JULEFERIE				
J A N	Gåter. Vite kva ei gåte er og skrive eigne tøysegåter.	Språkboka side 54 - 57 Arbeidsbok til språkboka side 27		
	Grammatikk Elevane øver på grunntala og ordenstala opp til og med 20. dei skal kunne lese og skrive dei.	Språkboka side 58 - 64 Arbeidsbok til språkboka side 28 -29		
	Ordkunnskap og rettskriving Ord for tid, vekedagane, månadane og årstidene.	Språkboka side 65 - 71 Arbeidsbok til språkboka side 30 -35		Felles prosjekt for 1- 3 klasse. Me jobbar med "Den kvite hjorten" av Jan Magnus Bruheim.
F E B	Ord med stum g. Elevane skal kunne skrive ord med stum g.	Språkboka side 74 - 75		Framsyning for skulen og foreldra før vinterferien.
	Snakkar om ulike dialektar og at det er ulikt om ein har stum g eller ikkje i det same ordet.	Arbeidsbok til språkboka side 36		
	Tekstkunnskap Bilete fortel. Elevane skal kunne fortelje kva dei ser på eit bilete. Dei skal kunne bruke orda øvst, nedst, midt på bilete, i framgrunnen, i bakgrunnen, til høgre og til venstre. Elevane skal kunne fortelje om bruken av fargar i bilete.	Språkboka side 76 - 81 Arbeidsbok til språkboka side 37	Vinter side 64 - 70	
VINTERFERIE				
v 8	Bilete hjelper oss.	Språkboka side 82 - 85		
	Me skal sjå på korleis bilete kan hjelpe oss til å forstå ein tekst eller eit bilete og korleis ulike skilt kan gje oss informasjon.	Arbeidsbok til språkboka side 38- 39		
	Bilete i bøker. Elevane skal sjå på ulike biletbøker og korleis dei er illustrerte. Dei skal illustrere sine eigne tekstar og dei skal lage tekst til bilete. Elevane skal lage plakatar med både tekst og bilete.	Språkboka side 86 - 97 Arbeidsbok til språkboka side 40- 44		Underleg å tenkje på side 71 - 74
TEMA & LÆRINGSMÅL		Språkboka/arbeidsboka til språkboka	Leseboka	PROSJEKT/ TVERRFAGLEG

M	Forteljing: Slik gjekk det til. Elevane skal lese og skrive "Slik gjekk det til" forteljingar. Dei skal lære og lage avsnitt og vi repeterer kva som høyrer inn under innleiing, midtdel og avslutning.	Språkboka side 98 - 100 Arbeidsboka til språkboka side 45	Slik gjekk det til 75 - 78
A	Ordkunnskap og rettskriving Vi har ein bolk med rettskriving. Lure ord med -ng, ord med stum - d, ord med u for o. Elevane lærer LDS, eit knep som er nyttig når ein skal skrive ord rett. LDS: les- dekk til - skriv	Språkboka side 101 - 107 Arbeidsboka til språkboka side 46- 48	Kjæledyr side 79-82
A	Grammatikk Vi arbeider med ordklassane substantiv, verb og adjektiv	Språkboka side 108- 116 Arbeidsboka til språkboka side 49- 56	
R	Elevane skal lære kva eit substantiv er, fellesnamn og eigenamn.		
I	Dei øver på kva artikkel dei skal bruke ein, ei eller eit.		
L	Elevane skal vite kva eit verb er, infinitivmerke og bøye verba i		

PÅSKEFERIE

	Me startar etter påske med å repeterer arbeidet med ordklassane: substantiv, verb og adjektiv		Gratulerer side 83-88	
M	Tekstkunnskap Å beskrive. Elevane skal øve på å beskrive ting og personar og lage etterlysingar. Vi skal også sjå litt på ulike dialektar.	Språkboka side 117- 121 Arbeidsboka til språkboka side 57- 58	Monster side 89- 94	
A	Grammatikk Lure ord med sk,sp og st. Bruke LDS og øve på ord som byrjar med sk, sp, st. Elevane skal skrive eg froteljingar, repeterer korleis ei eg forteljing er bygd opp.	Språkboka side 122- 125 Arbeidsboka til språkboka side 59	Litt redd side 95 -101	
I	Tekstkunnskap Beskjedar: Reglar. Reglar er meldingar som fortel oss kva vi skal gjere eller ikkje gjere. Lese ulike reglar og lage egne reglar.	Språkboka side 126- 127 Arbeidsboka til språkboka side 60 - 63.	Sport og fritid side 102 -108	
	Samanlikningar. Kva tyder å samanlikne. Elevane skriv dikt med samanlikningar.	Språkboka side 128- 130	Mot sommar side 109- 11	Øve til sommarfesten
J	Skrive dikt. Elevane lærer om ulike typer dikt. Dei jobbar ekstra med dikt som inneheld oppattakingar.	Språkboka side 131- 133 Arbeidsboka til språkboka side 60 - 63.		
U	Skrive dikt og forteljingar.			
N	Repetisjon			
I				

SOMMARFERIE